

Skyldskifte

0908 27.12.72
SØRENSKRIVINGSBUREAU

Laur dag den 25. nov. 1972 heldt me underskrivne, som er oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Dyrkolbotn gr.nr. 247 br. nr 1 og 2 med skyld mark 2,22 i Lindås herad. Olaf og Haldor Dyrkolbotn har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel til eigedomen.¹⁾ Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad så nær som²⁾

Ved tenesta møtte Jostein Vike, Jakob Hellan, Edv. Halvorsen. Av partane³⁾ Haldor Dyrkolbotn, og for Olaf Dyrkolbotn: Olaf Martin Dyrkolbotn. For kjøparen møtte Otto Dyrkolbotn og ~~Av grannane~~³⁾ og Jakob Dyrkolbotn. Til formann vart vald Edv. Halvorsen.

Opplysningar om den/det part/partar av eigedomen som er fråskild:

- Vidd: Dyrka jord 0 dekar, naturleg eng og kulturbeite 0 dekar, produktiv skog 0 dekar, anna vidde 19 dekar — i alt 19 dekar.
- Grensene⁴⁾ til den/det fråskilde part/partar: Utgangspunktet for grensalina er X i berg i skiftelina mellom br. nr. 1 og br. nr. 2 i felles utmark sør for Botnavatnet, 3 m ovafor vegen som går opp til vatnet. Vidare går lina i sørøstleg lei langs den nemnde skiftelina 125 m til X i berg, går derifrå 91,5 m mot sør til X i berg, bøyer så mot vest 220,7 m til nedsett merkestøin; derifrå går lina nord-aust 70,5 m til X i berg, bøyer så mot aust 43,3 m til X i berg, og går derifrå attende til utgangspunktet.

¹⁾ Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den fråskilde eigedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)

²⁾ Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1917, skal han før tenesta tek til skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle sakar vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding den 19..... (underskrift.) Denne fråsegna skal sendast til sørenskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.

³⁾ Er det nokon av grannane eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prøva at dei er varsla. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsla (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).

⁴⁾ Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeigedomen utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skriva. Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjøve markeskilet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitut i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriffileg av den som har grunnboksheimel til den eigedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).



Til parsellen høyrer desse rettar og plikter:

1. Parselleigaren har rett til å flytta den gamle ferdselsvegen over Hosdalsleitet mot aust, slik at vegen berre i nordaustre hyrne kjem inn på parsellen. Parselleigaren ber sjølv kostnaden med dette.

2. Han har og rett til å ta vatn og leggja vassleiing kvar som helst i seljarane si utmark der vatn er å rinna. Likeins har han rett til å leggja kloakkleiing og reinse-
enlegg på seljarane sin eigedom etter bygningsrådet si tilvising.

3. Parsellen har rett til å bruka vegen som går frå riksveg 14 og opp til Botnavatnet. Dessutan har han rett til å byggja avstikkar frå denne vegen og opp til parsellen.

4. Eit stykke av denne vegen går gjennom parsellen. 3 m på kvar side høyrer vegen til, og ikkje parsellen.

Evt. inngjerding av parsellen tek parselleigaren på seg.

1. Gjeld delinga eigedom som vert nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk?) Nei.

2. Finn skylddelingsmennene det godt gjort at den parsellen som no vert fråskilt eigedomen skal nyttast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon?²⁾
Ja.

3. Kva rettar eller gode som høyrer eigedomen til kjem inn under delinga?³⁾

~~Parsellen er ikkje referert.~~

¹⁾ jfr. § 55 i lov av 18. mars 1955 om tilskiping av jordbruk (jordlova).
²⁾ jfr. § 54 (jordlova).
³⁾ jfr. § 55 (jordlova).



Me vitnar:

a) At det ikkje er skipa nye hopehav ved skiftet. Likevel har me samtykt i at det kan vera hopehav i utmarka på denne måten:

Me har ikkje funne det tenleg å skifta meir enn som gjort er.¹⁾

b) At kvart bruk har fått eit so lagleg skap for freding og drift som det er høve til. Skylda på den/dei fråskilde part/partar er sett til mark 0,02

Hovudbruket har att ei skyld på mark 2,22 og 1,11.

Hovudbruket har att denne vidda: Dyrka jord dekar, naturleg eng og kulturbeite dekar, produktiv skog dekar, anna vidda dekar, i alt dekar.

Den/dei fråskilde part/partar fekk bruksnamnet²⁾ Åsli.

Kostnaden med skyldskiftet og tinglysinga ber: ³⁾ Kjøperen, Dyrka

Kolboen leirskole, og Otto Dyrkolboen.

Me gjorde partane kjende med at dei kunne anka skyldskiftet til overskjøn, dersom dei er misnøgde med den skylda som er sett eller med det markskilet som er fastslege. Krav om overskjøn må vera kome til sorenskrivaren seinast 3 månader etter at dette skyldskiftet er tinglyst.

Me sannar at me har gjort tenesta vår etter beste skjøn og overtiding og i samsvar med skjønsmannslovnaden.

Me har vedteke at Edv. Halvorsen skal senda skyldskiftedokumenta til sorenskrivaren til tinglysing.

Johanne Vibe
Lakot Halvord.
Edv. Halvorsen.
Edv. Halvorsen.
Halvor Dyrkolboen
Edv. Halvorsen
Me godtek denne skylddelinga.
Som kjøper:
For Dyrkolboen kirkeord
Edv. Halvorsen

¹⁾ Stryk det som ikkje skal vera.
²⁾ Til bruksnamn må ein ikkje velja namn som alt er i bruk som slektsnamn, utan at det er ålment nytta, jfr. § 24 i lova om skyldskifte.
³⁾ Er det ikkje nemnt, eller har ikkje partane gjort avtale om kven som skal bera kostnaden ved skyldskifte, skal skyldskiftemennene avgjera det.



VEDLEGG 1
(SIDE 41 AV 44)

Går til jordstyre.

Fråsegn frå jordstyret:

.....
.....
.....
.....

....., den 19.....

formann

sekretær

Går til landbruksselskap.

Fråsegn frå fylkeslandbruksstyret:

.....
.....
.....
.....

....., den 19.....

formann

fylkeslandbrukssjef

Godteke til tinglysing 19

Tinglyst

Den/dei fråskilde part/partar har fått gr.nr..... br.nr.....

For tinglysing kr.....

